



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Kultur- og kyrkjedepartementet
Kirkeavdelingen
Pb. 8030 Dep.
0030 OSLO

Dato: 02.09.2008

Vår ref: 08/133-9 III

Dykkar ref:

Høyring - innstillinga Styrket demokrati i Den norske kirke

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høvet til å gje fråsegn om innstillinga. Saka vart handsama i møte 25.august 2008.

Utgangspunkt for høyringssvaret vårt er at vi deler intensjonen til innstillinga, som vi tolkar som eit ynskje om å styrke kyrkjemedlemane si involveringa i kyrkja si tru og liv, gjennom auka engasjement i dei kyrkjelege råda og deltakinga i vala til desse. I høyringsbrevet vert det berre spurd etter om kva for valordning, berre direkte val eller ein kombinasjon av direkte og indirekte val, vi ynskjer å prøve ut i vårt eige bispedøme. Vi finn denne problemstillinga alt for snever i høve til dei store prinsipielle og praktiske spørsmåla som innstillinga tek opp. Vi kan ikkje gå inn på alle desse i svaret vårt, men vil fyrst kommentere nokre av dei prinsipielle problemstillingane, og deretter gå inn på nokre av dei einskildtiltaka som det vert gjort framlegg, med ein kommentar om økonomien, før vi tek stilling til om kva valordningar som bør prøvast ut.

PRINSIPIELLE PROBLEMSTILLINGAR

- Innstillinga er prega av at det gjennom kyrkje-stat kompromisset er det lagt **kraftige politiske føringar** for styringa av kyrkja, ikkje minst ved kravet om auka bruk av direkte val. Dette politiske kravet om direkteval har rett nok noko støtte i KR og KM, men det påfallande at utvalet ikkje etterprøver dette meir energisk på ekklesiologiske premisser. Ikkje mindre påfallande er det at ein ikkje set spørjeteikn ved legitimiteten til slike politiske krav til styringa av kyrkja. Jf. høyringssvaret frå Institutt for menneskerettar til NOU 2006:2 *Staten og Den norske kirke*, der det heiter at å legge politiske føringar for dei kyrkjelege vala vil vere i strid med menneskerettane.
- Kyrkja er ein eineståande storleik (*sui generis*) som ikkje utan vidare kan importere styringssystem frå andre samfunnsområde. **Kva eit kyrkjeleg demokrati inneber** i høve til eit organisasjonsdemokrati eller eit politisk demokrati (kommunalt/statleg) fortener såleis i høg grad ei drøfting. Jf. Per Kristian Aschim: *Kirkelig demokrati mellom politisk demokrati og folkebevegelsesdemokrati*. (<http://www.kirken.no/index.cfm?event=downloadFile&famID=11524>) Ei slik drøfting finn ein i liten grad i utgreiinga. Men det er gode grunnar for å hevde at ut frå kyrkja sin karakter må det kyrkjelege demokratiet ligge nærare

folkerørsledemokratiet enn det politiske demokratiet som innstillinga legg opp til. Dette får særleg konsekvensar for synet på direkte val (som ikkje vert brukt i organisasjonsdemokratiet) og krava til representativitet (særleg i form av meningsmangfald).

- Eit grunnleggjande premiss i utgreiinga og kyrkjeforståinga er **soknet som grunneining i kyrkja**. Spørsmålet om korleis dette skal kome til uttrykk i styringsstrukturen er drøfta etter måten grundig i utgreiinga, med hovudvekt på om soknet sitt mandatet skal kome frå soknet sine organ og/eller soknet sine medlemmer (kap 3.2.4) og hovudargumenta for begge ordningane er gjort greie for i kap 5.2.3. Vi viser her med tilslutning til utvalet sin eigen argumentasjon for indirekte val med utgangspunktet i soknet og soknerådet:
Som argument for en ordning med indirekte valg kan det gjøres gjeldende at en slik ordning søker å ivareta tanken om at det er soknene som er grunnenheten i kirken, og at de enkelte kirkemedlemmer er medlemmer i nasjonalkirken gjennom å høre til i soknet. En slik ordning søker også å ivareta sammenhengen mellom de ulike nivåene i kirkeorganisasjonen, der de regionale og sentrale organer har sin forankring i lokalmenighetene. Det kan hevdes at soknenes interesser vil være mer tydelig representert i bispedømmeråd og Kirkemøte gjennom en indirekte valgordning.
Desse argumenta skulle vere meir enn nok for å halde på denne ordninga, så sant ein vil halde på soknet som grunneininga i kyrkja. Men i tillegg vil vi peike på røynslene frå den svenske kyrkja med direkte val. I den store evalueringsrapporten av ordninga, *Demokrati og delaktighet i Svenska kyrkan*, er ein av konklusjonane: "Vil man betona att Svenska kyrkan har sin bas i de lokale församlingarna är det rimlig at återigen införa indirekta val." Vi viser også til at ei ordning med direkteval har fått lite støtte i dei ulike høyringane om spørsmålet hos kommuner og sokn.
Frå ein prinsipiell ståstad seier vi oss såleis samde med komitemedlem Harald Hegstad, som i innstillinga *vil som sitt primære standpunkt hevde at valg til Kirkemøte og bispedømmeråd bør skje etter en indirekte valgordning. En slik ordning er mer i samsvar med en synodal kirkeforståelse der de lokale menigheter er grunnenheten i kirkesamfunnet. Det bør derfor være lokalmenighetens tillitsvalgte som avgjør hvem som skal representere menigheten i regionale og nasjonale organer.*
- Det vert i innstillinga hevda at direkte val vil gje ei meir **representativ breidde** i kyrkjeleiinga. Samstundes vert det vist til at det alt er god demografiske representativitet i dei kyrkjelege råda. Kravet til meir representativitet må såleis handle om eit ynskje om større meningsmangfald i den kyrkjelege leiinga. Men er det eit legitimt kyrkjeleg premiss at ei kvar mening mellom kyrkjemedlemene skal vere representert i kyrkjeleiinga? Jf. til dette kap 3.2.2 om forpliktinga for kyrkjestyret på kyrkja si vedkjenning, som det er referert til svært kortfatta i utgreiinga, utan at ein drøftar denne fundamentale kyrkjelege premissen mot dei andre premissa for innstillinga.
Spørsmålet om representativitet må også vurderast i lys av at direkte val, kombinert med låg valdeltaking, truleg vil auke faren for "aksjonsdemokrati" og politisering av val. Innstillinga sitt framlegg om at ein kan operere med grupperingar med eigne namn på desse grupperingane på vallistene vil forsterke faren for slik politisering (jf. røynslene frå Sverige). Røynslene frå Sverige tilseier også at det er høgst usannsynleg at innføring av direkte val vil auke valdeltakinga vesentleg, - i alle høve ikkje nok til å kunne hevde at direkteval vil medføre ein heilt anna representativitet i kyrkjeleiinga, enn noverande ordningar med indirekte val, - eller evt. ein revidert variant av denne med vekting av soknerøystene.

- Ein grunnleggjande struktur i styringa av kyrkja, tufta på kyrkja sitt vesen og oppdrag, er **samvirket mellom embete og råd**. Ein kan såleis ikkje, som i utgreiinga, berre ta utgangspunkt i læra om det allmenne prestedømme som teologisk premiss (kap.3.2.1). Embetet sin plass i styringsstrukturen er sjølv sagt nemnt i utgreiinga, men vert oftast legitimert med trongen for "kirkelig representativitet", og då i lag på representasjonen av geistlege og leke tilsette i kyrkja. Saman med utsegner som "alle dopte....har de samme rettigheter og plikter i menighetens og kirkens liv" (s 28) tilslører dette dei særleg pliktene og rettane som ligg til embetet i styringa av kyrkja. At utvalet legg opp til eit heilt nytt forhold mellom embetet (biskopen/ane) i bispedømeråd og kyrkjemøtet, gjennom ei kraftig auke av talet på leke medlemmer, fortener såleis ei langt grundigare drøfting enn det ein finn i utgreiinga.

Medlem i bispedømerådet og medlem i arbeidsgruppa bak innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke" Sissel Vartdal, vil legge til følgjande for eiga rekning: Dei prinsipielle problemstillingane nemnt i denne høyringsfråsegna er ikkje ukjende for arbeidsgruppa. Det er likevel slik at på den relativt korte tida arbeidsgruppa hadde til rådvelde måtte det skje ei avgrensing av problemstillingar og ei konkretisering av mandat. Hovudoppgåva til arbeidsgruppa var å identifisere tiltak for å auke oppslutninga rundt val samt å styrke den demokratiske legitimiteten til dei ulike kyrkjelege organa. Dei prinsipielle problemstillingane, som både er aktuelle og relevante, vil uansett måtte følgje kyrkja si vidare utvikling.

KOMMENTARAR TIL EINSKILDILTAK

- Det er ikkje tilrådeleg å leggje dei kyrkjelege vala til same dag og stad som dei politiske. Det er ingen land eller kyrkjer i verda som har ei slik ordning. Jamvel den svenske kyrkja med sine politiserande val held seg unna dagen for politiske val. Samanblanding av kyrkje og politikk er nærliggande, og det er god grunn til å frykte at dei kyrkjelege vala vil drukne i "støyen" kring dei politiske vala. Får Ap og FrP gjennomslag for ynsket sitt om å ha kommune og stortingsval samstundes vil det forsterke denne faren. Kyrkja bør også vere tilbakehalden med å nytte ein slik fellesarena, der ein i praksis vil ha monopol som trussamfunn, til vala sine. Det er høgst forståeleg at andre kyrkjesamfunn har protestert mot ei slik ordning.

Fem av medlemene i bispedømerådet støttar dette synspunktet.

Medlemene Sissel Vartdal og Henny Koppen ser det som tenleg at dei kyrkjelege vala vert lagde til same tid og stad som andre offentlege val. Det vil gjere vala meir tilgjengelege og vere eit godt tiltak med tanke på auka valdeltaking. Dette vil ikkje stenge for andre trus- og livssynsamfunn som ynskjer å gjere det same.

- Framlegga om å gjere det lettare å ta del i dei kyrkjelege rådsorganana også for dei som har tunge forpliktingar gjennom familie og arbeid er svært positive.
- Framlegga knytte til utnemning av prostar og biskopar er også gode.
- Framlegget om å bruke preferanseval verkar fornuftig, men det er eit demokratisk problem at oppteljinga og ikkje minst å skulle forklare valdeltarane korleis denne oppteljinga fungerer er svært krevjande.
- Vi har god tru på at bruk av valkort vil kunne auke valdeltakinga.

ØKONOMI


- Innstillinga syner at reformene som det er gjort framlegg om vil medføre store kostnader, truleg nærare 100 mill. kroner. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre nokon plan for korleis desse kostnadane skal dekkast. Men vi føreset at dette skjer ved statlege ekstraløyvingar, som ikkje medfører ein reduksjon av dei statleg løyvingane til andre kyrkjelege føremål. Sjølv om ein får på plass ei slik finansiering med friske, statlege midlar, er det grunn til spørje om det er rett å bruke så store summar på tiltak som truleg vil auke valdeltakinga med berre nokre få prosentpoeng, særleg sett i høve til kva økonomiske midlar kyrkja elles har til disposisjon for verksemda si.

UTPRØVING AV VALORDNINGAR

- Til tross for desse prinsipielle innvendingane, finn fleirtalet i bispedømerådet (6 medlemmer), å kunne tilrå utprøving av direkteval til bispedømeråd og dermed Kyrkjemøte. Ein vil tilrå at modellen med kombinasjon av valordningar vert utprøvd, der fleirtalet (5) medlemmer vert valt indirekte, og 4 medlemmer ved direkteval.

Medlem i bispedømerådet Roar Strømme finn å ikkje kunne tilrå utprøving av direkteval med bakgrunn i dei prinsipielle innvendingane som er peika på i høyringssvaret.

På vegner av Bjørgvin bispedømeråd



Helge Taranrød

stiftsdirektør

Direkte innval: 55 30 64 74